



Arkoconsult

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Begrensa høyring - Alver - (Radøy) - 45/6 m fl - Søndre Urhaug - Selfallet bustadområde - detaljregulering

Vi viser til brev datert 11.03.22. Saka gjeld avgrensa høyring for revidert planforslag for detaljregulering for Søndre Urdhaug.

Brev om oppstart av planarbeidet vart sendt ut til grunneigarar, naboar og offentlege instansar, datert 08.02.2019. Vedtak om offentlig høyring vart sendt ut 21.10.2019. I tillegg vart det sendt ut varsel om utviding av plangrensa i eige brev, datert 20.01.2022.

Statsforvaltaren hadde ingen vesentlege merknader til offentlig ettersyn i 2019. Vi har no ein merknad på handtering av støy i planen på bakgrunn av at støyretningslinjene T-1442 vart revidert i 2021.

I planskildringa er det vurdert at det ikkje er utfordringar med støy i planområdet etter utbygging, men vi kan ikkje sjå at det er vurdert om det er fare for at støygrensene (i tabell 4 i T1442/2021) vert overskridne i anleggsperioden.

I nye støyretningslinjer står det mellom anna at:

«Kommunen har ansvar for å påse at bygge- og anleggsstøy er omtalt i reguleringsplanen.

Når det forventes overskridelser av grenseverdiene i tabell 4 bør det tas inn en bestemmelse i reguleringsplanen som setter krav om at det skal lages en plan for håndtering av støy i bygge- og anleggsfasen før igangsettelsestillatelsen gis.

Det kan tas inn bestemmelser om at det skal gjøres støymålinger i bygge- og anleggsfasen. Kommunen kan også, med hjemmel i plan- og bygningsloven, pålegge måling som en del av tilsynet med bygge- og anleggsplasser.



I større utbyggingsprosjekter hvor anleggsaktiviteten vil foregå over flere år, samt i byområder hvor det samtidig pågår flere bygge- og anleggsprosjekter, bør anleggstrafikken, når det er mulig, styres til egne anleggsveger.»

Det er fleire bustader tett på planområdet, og det kan difor vere at grenseverdiane i tabell 4 vert overskridne i anleggsperioden. Det bør difor gjerast ei vurdering av dette.

Planen har ei føresegn som gjeld støy i anleggsperioden: «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, skal følgjast i bygge- og anleggsfasen.» Vi vurderer at denne er for generell. Om ein etter ein konkret vurdering kjem til at grenseverdiane i tabell 4 kan overhaldast, må det konkret visast til tabellen i føresegna. Om det vert vurdert at det er fare for overskriding av grenseverdiane i tabell 4, må det takast inn føresegn som skildrast i T-1442/2021, kapittel 6. Vi viser til regjeringa sine nettsider for meir informasjon om handtering av støy i arealplanlegging: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinje-for-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging/id2857574/>

Statsforvaltaren ber om at planen vert retta opp på dette punktet.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Alver kommune

Postboks 7900
Postboks 4

5020
5906

BERGEN
FREKHAUG